



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kjell Hegna, 5557 2321  
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato  
24.06.2011  
Dykkar dato  
27.04.2011

Vår referanse  
2011/5976 561  
Dykkar referanse  
NVE200803546-7/ki/eibj

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Fråsegn til søknad frå Småkraft AS om konsesjon for bygging av Espelandselvi kraftverk i Granvin herad i Hordaland

Fylkesmannen vil rå frå at det vert gjeve konsesjon til Espelandselvi kraftverk fordi utbygginga i for stor grad vil øydeleggje landskapsbiletet og opplevingsverdien i og rundt ein av dei største fossane i regionen.

Dersom det vert gjeve konsesjon, meiner vi at kraftverket må byggast utan veg til inntak og med mesteparten av vassvegen i fjell. Det er etter vårt syn også naudsynt med strengare krav til minstevassføring for å oppretthalde det visuelle inntrykket av Espelandsfossen.

NVE må også vurdere utbygginga etter naturmangfaldslova og vassforskrifta.

Vi viser til brev av 27. april 2011 der NVE ber Fylkesmannen om å vurdere konsesjonssøknaden frå Småkraft AS. Etter avtale med NVE er svarfristen vår utsett til 24. juni 2011. Prosjektdata for Espelandselvi kraftverk i Granvin herad er vist i tabellen under.

| Prosjektdata                                 | Samla omsøkt      | Hovudelv  | Overført bekk | Alternativ samla                      |
|----------------------------------------------|-------------------|-----------|---------------|---------------------------------------|
| Installert effekt (MW)                       | 2,5               |           |               | 2,5                                   |
| Produksjon (GWh/år)                          | 7,5               |           |               | 7,5                                   |
| Bruktid (timer)                              | 3000              |           |               | 3000                                  |
| Utbyggingskostnad (mill. NOK)                | 32,5              |           |               | 37,5                                  |
| Utbyggingspris (NOK/kWh)                     | 4,3               |           |               | 4,9                                   |
| Alminnelig lågvassføring (m <sup>3</sup> /s) | 0,04              | 0,04      | 0,00          | 0,04                                  |
| Minstevassføring =Q95                        | 0,20/0,02         | 0,18/0,02 | 0,02/0,00 ?   | 0,20/0,02                             |
| Q95 sommar/vinter (m <sup>3</sup> /s)        | 0,20/0,02         | 0,18/0,02 | 0,02/0,00?    | 0,20/0,02                             |
| Slukeemne maks./min. (m <sup>3</sup> /s)     | 1,2/0,06          | 1,2/0     | 04/0          | 1,2/0,06                              |
| Inntak (moh)                                 | 595*              | 595       | 620           | 595*                                  |
| Avlaup (moh)                                 | 338 (Espelandsv.) |           |               | 338 (Espelandsv.)                     |
| Vassveg i nedgrave røyr/røyr i dagen (m)     | 730/160+230/0     |           |               | <b>Mesteparten av vassveg i fjell</b> |
| Regulering (HRV/LRV) (moh)                   | Inga regulering   |           |               | Inga regulering                       |
| Overskotsmasse (m <sup>3</sup> )             | 0                 |           |               | ?                                     |
| Vegbygging (m)                               | 50+2200           |           |               | <b>50+0</b>                           |
| Nettilknytning, jordkabel (m)                | 120               |           |               | 120                                   |

*Alternativ samla* er i hovudsak som *Samla omsøkt* prosjekt, men med mesteparten av vassvegen i fjell og utan veg til inntak. Dette alternative er dyrare enn det prosjektet det er søkt om konsesjon for. *Hovudelv* og *Overført bekk* syner utvalde data frå dei ulike vassstilførsla til kraftverket.

I konsesjonssøknaden er det berre søkt om løyve for eitt alternativ, men data er også gjeve for ein modifisert versjon av prosjektet. Denne versjonen er tenkt bygd utan veg til inntak og med mesteparten av vassvegen i fjell. Fylkesmannen vil vurdere det omsøkte prosjektet mot den modifiserte versjonen. Vi vil ikkje her vurdere dei andre alternativa som berre er kort skisserte i søknaden.

### **Vår vurdering av konsekvensane**

Fylkesmannen meiner konsekvensutgreiinga stort sett er utfyllande og grundig. Vi har likevel nokre kommentarar til utgreiinga, som er tatt inn under saksfelte nedanfor.

Vi vil vurdere konsesjonssøknaden ut frå omsynet til dei fagfelte der vi har særleg ansvar og etter dei miljørettslege prinsippa i kap II i naturmangfaldslova.

### **Små konsekvensar for biologisk mangfald**

Det er ikkje funne sjeldne eller raudlista artar knytt til den aktuelle vassstrengen. Det er likevel registrert ei velutvikla fossesprøytsone nedanfor Espelandsfossen. I den nye raudlista for naturtypar i Artsdatabanken 2011 er fosseberg og fosseeng vurdert som nær truga.

Miljørapporten i konsesjonssøknaden peikar på at det kan vere eit visst potensiale for sjeldne og raudlista moseartar knytt til fossesprøytsona. Etter vårt skjønn ligg denne sona for eksponert og for høgt over havet til at potensialet er spesielt stort. Vi meiner difor at det ikkje er grunnlag for å gå imot utbygginga ut frå omsynet til biologisk mangfald.

### **Store negative konsekvensar for landskap, opplevingsverdi og inngrepsfrie naturområde**

Det er eit nasjonalt mål og eit lokalt ansvar å bevare omfanget av inngrepsfrie naturområde. Omfanget av inngrepsfrie naturområde (INON) vil verte relativt kraftig redusert ved bygginga av Espelandselvi kraftverk: Utbygginga vil flytte grensa for INON sone 2 (1-3 km frå inngrep) og INON sone 1 (3-5 km frå inngrep) om lag 800 m nordover. Ei utbyggings vil føre til ei auke av 0,60 km<sup>2</sup> av INON sone 2 og tap av 2,14 km<sup>2</sup> av INON sone 1. Areal av villmarksprega område (>5 km frå inngrep) vil ikkje verte påverka. Utbyggingsprosjekt som reduserer INON-areal bør gjennomførast med minst moglege synlege inngrep i landskapet.

Etter OEDs retningslinjer for små vannkraftverk vurderer *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland* det INON-området som går tapt å ha middels verdi. I *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland* er likevel området som vert påverka av INON-reduksjonen klassifisert som sårbart høg fjellsområde med høg verdi.

Espelandsfossen er dessutan eit av dei mest spektakulære fossefalla i denne delen av Hordaland, og er godt synleg frå den gamle hovudvegen mellom Granvin og Ulvik.

Miljørapporten i konsesjonssøknaden konkluderer med at verknaden på landskapet av utbygginga blir middels til stor negativ. Etter vårt syn gir dette grunnlag for å rå frå at det vert gjeve konsesjon til det omsøkte prosjektet.

Som nemnt i innleiinga, har konsesjonssøknaden også skissert alternative prosjekt. Fylkesmannen meiner at det er ønskjeleg å justere utbyggingsprosjektet så skadane på landskapet vert så små som mogleg. Aktuelle endringar kan være å bygge kraftverket utan veg til inntak, med vassveg i fjell og med større minstevassføring for å oppretthalde det visuelle inntrykket av Espelandsfossen.

### **Naudsynt med betre visualisering av inngrepa**

I plan- og bygningslova § 12-1 er konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova unnateke frå reguleringskrav. Etter dagens praksis vert krav om utarbeiding av detaljplan teke inn i konsesjonsvilkåra. Slike planar går til avgrensa høyring, og vert godkjende av NVE. Fylkesmannen har ikkje innsyn i denne fasen av planlegginga, slik vi har i tilsvarande tiltak etter plan- og bygningslova.

Konsesjonssøknaden må vurderast i høve til naturmangfaldslova § 8 (kunnskapsgrunnlaget), § 9 (føre-var-prinsippet) og § 12 (om å nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar). Konsesjonssøknaden er etter Fylkesmannens syn ikkje utfyllande når det gjeld å synleggjere arealinngrepa. Det er difor vanskeleg å fullt vurdere konfliktnivået i søknaden når det gjeld landskapsinngrep og naturmangfald. På denne bakgrunn vil vi be NVE krevje detaljplanar som viser alle arealinngrep knytt til utbygginga (inntaksområde, kraftstasjon, tunellar, veg, massedeponi og riggområde mm) slik at dette kan danne grunnlag for avgjerd i konsesjonsspørsmålet. Ikkje minst er det naudsynt med ei meir grundig synleggjering av korleis ulike minstevassføringar vil påverke det visuelle inntrykket av fossen gjennom året.

NVE er også ansvarleg for at det vert gjort ei vurdering av utbyggingsprosjektet etter § 12 i vassforskrifta.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen meiner at bygging og drift av det omsøkte Espelandselvi kraftverk vil påverke landskapsbiletet og opplevingsverdien på så negativt vis at vi vil rå frå at det vert gjeve konsesjon. Dersom det vert gjeve konsesjon, meiner vi at kraftverket må byggast utan veg til inntak og med mesteparten av vassveg i fjell. Det er etter vårt syn også naudsynt med strengare krav til minstevassføring for å oppretthalde det visuelle inntrykket av Espelandsfossen.

NVE må vurdere vedtak i konsesjonsspørsmålet etter prinsippa i kap II i naturmangfaldlova og etter vassforskrifta.

Med helsing

Terje Aasen e.f.  
fylkesmiljøvernssjef

Kjell Kvingedal  
seksjonsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi:

- Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 Bergen
- Granvin herad, Kongstun, Postboks 13, 5733 Granvin
- Vannregionmyndighet Hordaland (Hordaland fylkeskommune), Postboks 7900, 5020 Bergen
- Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
- Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim